



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 30/2008

Møtedato: 7.5.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 790

S 790, Rensenn – søknad om tilbygg på sel

Nils-Ivar Slåttsveen søker om å få føre opp eit tilbygg på sel 2 med 8 m² og om å få endre inngangspartiet på sel 1. Det er ikkje lagt ved teikningar av tilbygget på sel 2. Søkjaren ynskjer å få ei prinsipiell avklaring om han får føre opp tilbygget, før han legg arbeid i å utarbeide teikningar.

Bruken av stølen vil vera ein kombinasjon av dyrehald med kunnskapsbaserte opplevingar og aktivitetar. Søkjaren vil starte med sau og ammekyr så snart han har fått bygd om driftsbygningen. Nærare grunngeving for behovet for meir areal går fram av e-post datert 6.5.08. Drifta på stølen i dag er førproduksjon.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil kreve at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

I stølsregisteret er det registrert to sel med ei samla grunnflate på 158 m² bebygd areal (BYA). Ved omrekning til bruksareal (BRA), har ein berekna dette til 211 m² BRA. Det ligg føre ein del usikkerheit på kor stort BRA er, sidan ein ikkje har snitteikning av husa.

Slåttsveen har fremma to andre søknader som er trekt før behandling i fjellstyret. Fyrste søknad (25.2.08) omfatta eit tilbygg på sel 1 på 49 m² (BYA) i to etasjar. Søknad nr to (27.4.08) omfatta eit påbygg på sel 1 med storleik 25 m² BRA. Søknadene omfatta ombygging av inngangspartiet, og denne del av søknaden står ved lag.

Oppland fylkeskommune har hatt søknad nr 1 til uttale og hadde då ikkje merknader til ombygging av inngangspartiet (29.2.08). Søknad om tilbygg på sel 2 har ikkje Oppland fylkeskommune hatt til uttale, fordi det ikkje ligg føre teikningar. Søknaden må eventuelt oversendast seinare.

Statskog frårådar søknaden om tilbygg i e-post datert 6.5.08 der dei m.a. skriv følgjande:

Vi er av den oppfatningen at eksisterende selsbebyggelsen på denne stølen er omfattende nok til å dekke det fremtidige behovet i forbindelse med en hver driftsform som er, og har vært, skissert for denne stølen, og som ligger innenfor bruksretten.

Vi mener videre det vil være feil å ta hensyn til planer som går ut over bruksretten når disse ikke har vært til behandling innenfor rett lovverk, og det ikke foreligger avtale med grunneier om grunndisponering i forbindelse med disse.

Følgelig fraråder vi fjellstyret å tillate den omsøkte utvidelsen.

Fjellstyret skal vurdere om det er behov for meir areal til sel. Det er usikkert kor stort bruksareal det er på sela, sidan det manglar snitteikning. Ein har kalkulert arealet til 211 m² (BRA) og dette er stort nok til drifta på garden. Sel 2 er så stort at det er mulig å bygge om for å få til bad. Ombygging av gangpartiet på sel 1 ser ikkje til å føre til auka bruksareal pga låg takhøgde i 2. etasje.

Vedtak:

Fjellstyret er einig med Statskog at stølen har tilstrekkeleg bygningsmasse for sel og ein kan ikkje sjå at det behov for meir areal. Sel 2 har så stort areal at det er mulig å bygge om til bad innanfor eksisterande areal. Fjellstyret avslår derfor søknaden om tilbygg på 8 m² på sel 2.

Fjellstyret har ingen merknader til ombygging av inngangspartiet, sidan dette ikkje fører til auka bruksareal (BRA). Innvendig endringar av selet treng ikkje fjellstyret si godkjenning.

Fyrste avsnitt av vedtaket er gjort mot ei stemme. Resten av vedtaket er samrøystes vedteke.

Vedtaket er gjort med heimel i § 13 i stølsforskrifta. Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikke gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikke er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.5.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nils-Ivar Slåttsveen
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune